



Asne H. Arnesen(f.v.), Veslemøy Haugland, Martin H. Arnesen, Solveig Haugland og Viljar Simonnes Tveit håpar dei får hjelp av mange på den koselege dugnaden i morgon.

Klargjeringa til Festidalen går for fullt, og i morgon, tirsdag, ligg alt til rette for ein skikkeleg koseleg dugnadsdag som passar for heile familien, unge som eldre. Graset i skråningen ved grusbanen skal fraktast på hengar til Dønhaug, og der skal det hengast i hes. Det var liknande dugnad i fjor, og det vart ein kjempekoseleg dag.

Bjørn Olav Tveit i Festidalen-leiinga håpar mange vil stille opp og hjelpe til. Oppmøte er på grusbanen kl.14, og det er fint om ein tar med rive og/eller høygaffel hvis ein har.

- I fjor var dette veldig kjekt. Det møtte opp både vaksne og barn. Alle koste seg med det trivelege arbeidet, og eg håpar på god oppslutning i morgon og, seier Festidalen-leiaren. Han legg til at det vert is, brus og takknemlighet frå Festidalen.

Med denne dugnaden slår Festidalen to floger i ein smekk: dei pyntar opp rundt grusbanen samtidig som dei gjer det koseleg på festivalområdet på Dønhaug.

Altså: Dugnad tirsdag kl. 14. Oppmøte på grusbanen. Kjekt for alle.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen, Stig Framnes.